
Fra: Thomas Vågenes <tvaagen2@hotmail.no>
Sendt: onsdag 27. desember 2017 15.32
Til: Postmottak Radøy
Emne: Vinterveg-vedlikehald.

Hei.

I går var eg ute og køyrde frå Austrheim til Manger. Når eg kom til Nordangervågen, og avkøyringa inn dit frå fylkesvegen, var det dårleg brøyta. Det var vanskeleg å koma seg inn frå avkøyringa og inn på vegen, som ifølge kartverket heiter Nordangvågen, som fører ned til båthamna. Altså ved stoppestedet/park.plass/møteplass.

Når me skulle køyra opp bakken frå brua i Norangvågen og opp til krysset på Øvre Mjøs, var det og vanskeleg å koma seg opp. Me klarte det med bil (firhjulstrekkar). Når me skulle køyra frå krysset i Øvre Mjøs og til krysset Nordanger/Bø, hvor me skulle ut på Radøyvegen til Bø, såg me ein traktor som tilsynelatande haldt på å brøyta vegbana. Me synast dette såg litt rart ut, i og med at traktoren hadde ei gul varsellampe på taket, men som ikkje var slått på og ikkje lyste. Me kunne heller ikkje sjå andre lys på traktoren.

Også på Radøyvegen var det dårleg brøyta, heilt til me kom til Bø. Det einaste frå krysset i Nordanger/Bø og fram til Bø var hjulspor frå bilar som hadde køyrt der, og det var då eitt felt med spor, altså to spor.

Det er viktig at vintervedlikehaldet oppfyller dei krava som er sett. Hadde ein ambulanse på utrykning vore på oppdrag her i går, og måtte bruke desse vegane, er eg i tvil om ambulansen hadde kome seg fram.

Med helsing
Thomas Vågenes